



Arkivnr: 2015/11453-189
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Styret for Fagskolen i Hordaland		10.05.2019

Løyve til å opprette studiestad på Stord for tilbodet Maskinteknikk med ISO

Samandrag

Fagskolen i Hordaland har godkjenning for å drive tilboda maskinteknikk, automatisering og elkraft ved studiestaden Stord. Etter førespurnad frå Stord-miljøet er det også ønskjeleg ha moglegheita til å opprette tilbodet maskinteknikk m/ISO ved studiestaden Stord. Jf. sak om tilbodsstruktur for skuleåret 2019/2020 er tilbodet lyst ut på Stord for opptak til hausten, og det er gode søkjartal (29 søkjarar).

Forslag til vedtak

Styret for Fagskolen i Hordaland gjev fagskulen løyve til å opprette nytt studiestad innan maskinteknikk m/ISO ved studiestaden Stord.

Bjørn Lyngedal
fylkesdirektør opplæring
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit
seksjonsleiar skule

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 26.04.2019

Fagskolen i Hordaland har godkjenning for å drive tilboda maskinteknikk, automatisering og elkraft ved studiestaden Stord. Etter førespurnad frå Stord-miljøet er det også ønskjeleg ha moglegheita til å opprette tilbodet maskinteknikk m/ISO ved studiestaden Stord. Jf. sak om tilbodsstruktur for skuleåret 2019/2020 er tilbodet lyst ut på Stord for opptak til hausten 2019, og det er gode søkjartal (29 søkjarar).

NOKUT har forenkla prosessen betrakteleg i høve til å opprette nye studiestader. Tidlegare måtte fagskulen sende ein søknad om vesentleg endring, medan det no er tilstrekkeleg å melde endringa til NOKUT så lenge tilbodet vert gjeve i same form og med same innhald som ein allereie har godkjenning for.

Det er styret for fagskulen som vedtek om fagskulen kan opprette nye studiestader, og ved melding til NOKUT skal det leggjast ved eit følgjebrev underteikna av styreleiar. Vedtak om oppretting av ny studiestad i denne saka er ikkje eit vedtak om oppretting av tilbod hausten 2019. Eventuelt oppretting av tilbod vert handsama i eiga sak (sak om tilbodsstruktur for skuleåret 2019/2020)